



Styre:
Universitetsstyret

Arkivreferanse
2022/162
Styresak
104/25

Dokumentdato
19.11.2025
Møtedato
27.11.2025

VEDTAKSSAK

Endringer i studieforskrifta 2025

Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Lov om universiteter og høyskoler \(universitets- og høyskoleloven\) - Lovdata](#)
- [Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen - Lovdata](#)
- [Utdanningsutvalgets sak 39/25, Endringer i studieforskrifta 2025](#)
- [Styresak 50/24, Justeringar i studieforskrifta](#)

Saka gjeld

Saka gjeld endringer i UiBs studieforskrift. Studieforskrifta regulerer rettane og pliktene til UiB-studentar, og inneheld reglar og prosedyrar for sentrale avgjersle ved universitetet på studiefeltet. Studieforskrifta samlar og implementerer dessutan reglar som er fastsette i lov og i sentrale forskrifter.

Endringsforslaga er diskuterte i fleire omgangar i utdanningsutvalet, og har også vore på innspelsrunde i organisasjonen, det vil seie fakulteta, studentparlamentet, studentombudet og lektorsenteret. Med denne bakgrunnen ga utdanningsutvalet tilråding om å vedta endringane. Utvalet la særleg vekt på at regelverket må gi rettleiing til studentane, og at konsekvensane må vere godt utgreidde.

Endringane som blir lagt fram for styret her, er i samsvar med tilrådinga frå utdanningsutvalet.

Forslag til vedtak

1. Styret vedtar dei føreslegne endringane i studieforskrifta til UiB (sjå saksframstillinga).
2. Styret vedtar heile forskrifta på nytt med heimel i 2024-lova.
3. Styret opphevar
 - a. Forskrift om frister for sensur av eksamen ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen
 - b. Forskrift om sensurfrist for mastergradsoppgaver mv. ved Universitetet i Bergen (UiB)
 - c. Regelverk om innsynsforbud i og klausulering av mastergrads- og doktorgradsoppgaver ved Universitetet i Bergen
4. Vedtaka gjeld frå dei er kunngjorte i lovdata.

Tore Tungodden
Universitetsdirektør
19.11.2025/Knut Knapskog/Christen Soleim (avd.dir.)

Vedlegg:

1. Saksframstilling

Endringer i studieforskrifta 2025

Endringsforslaga med grunngiving

Dagens forskrift	Forslag til endringsvedtak
§ 2-1 andre avsnitt (2) Studieplanar og emneskildringar skal vere i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket som er fastsett av departementet, med studietilsynsforskrifta og med reglar og retningslinjer frå universitetet. Forslaget går ut på å endre tilvisinga frå studietilsynsforskrifta til universitets- og høgskuleforskrifta sidan førstnemnde er oppheva.	§ 2-1 andre avsnitt (2) Studieplanar og emneskildringar skal vere i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket som er fastsett av departementet, med universitets- og høgskuleforskrifta (særleg kapittel 1) og med reglar og retningslinjer frå universitetet.
§ 4-5 fjerde avsnitt (4) Den sentrale klagenemnda kan vedta utestenging og dermed midlertidig tap av studieretten, jf. universitets- og høgskulelova §§ 12-4 og 12-5. Forslaget går ut på å endre tilvisinga til UiB si nemnd, som etter namneendring heiter nemnd for studentsaker.	§ 4-5 fjerde avsnitt (4) Nemnd for studentsaker kan vedta utestenging og dermed midlertidig tap av studieretten, jf. universitets- og høgskulelova §§ 12-4 og 12-5.
§ 7-2 fjerde avsnitt (4) Alle eksamensarbeid kan supplerast med ein justerande munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen for alle eller eit utval av studentane. Justerande eksamen inneber at studenten blir prøvd etter at ein førebels karakter er sett, med høve til å bli justert opp eller ned med éin karakter.	§ 7-2 fjerde avsnitt (4) Alle eksamensarbeid kan supplerast med ein justerande munnleg, praktisk, utøvande og/eller skapande eksamen for alle eller eit utval av studentane. Justerande eksamen inneber at studenten blir prøvd etter at ein bestått førebels karakter er sett, med høve til å bli justert opp eller ned i karakter. Dersom det mellom den endelege karakteren i emnet og den førebelse karakteren i

Forslaget går ut på å fjerne dagens sperre om at karakteren berre kan justerast med éin karakter. Behovet er meldt inn av fagmiljø, som meiner at det ikkje heilt sjeldan oppstår situasjonar der dei ikkje kan setje den emnekarakteren dei meiner er riktig etter ei heilskapsvurdering av den skriftlege og munnlege prestasjonen. I noko monn er behovet også knytt til den skrivehjelpa som verktøy som bruker generativ kunstig intelligens kan representere (<i>utan</i> at det er tale om fusk). Ny siste setning gjeld ein utvida rett til justerande munnleg i dei tilfella karakteren er justert med meir enn to karakterar, og studenten får lik karakter på det skriftlege arbeidet. Nokre fagmiljø ønsker å halde på regelen om at den munnlege eksamenen berre kan justere med éin karakter, og det er for å understreke vektlegginga av det skriftlege arbeidet eller for å unngå ein auke i munnlege eksamenar i forbindelse med klage. Forslaget stoggar ikkje fakulteta frå å vidareføre dagens ordning, til dømes ved å vedta avgrensinga i emneskildringa til emna.	klagerunden er eit spenn på to karakterar eller meir, skal fakultetet kalle studenten inn til ny justerande munnleg eksamen.
(Føresegna er ny)	§ 7-9 Fusk (1) Studenten fuskar dersom hen på eksamen eller ein obligatorisk undervisningsaktivitet forsettleg eller grovt aktlaust bryt: a) reglane for gjennomføringa av aktiviteten eller eksamenen, og b) med akademiske forventingar (2) Handlingar som openbart ikkje er eigna til å gi studenten nokon fordel skal ikkje reknast som fusk. (3) Reglane for gjennomføring, i første avsnitt, kan mellom anna vere: a) manglande tilvisingar b) fiktive tilvisingar c) å presentere tekst som eige arbeid, når ein ikkje sjølv har laga den d) ikkje tillate samarbeid, hjelparar eller hjelpemiddel (inkludert KI-verktøy), e) jukselappar og liknande, f) handlingar som verkar inn på sensor eller fagperson si sensurering eller vurdering g) fabrikkering eller forfalsking av data h) falsk oppmøtere registrering i) å skaffe seg tilgang til eksamensoppgåva før eksamenen startar j) andre brot på reglane for aktiviteten eller eksamenen

Alle norske universitet har ei føresegn som regulerer fusk på institusjonsnivå, med unntak av UiB. Føresegna slår fast at ikkje alle regelbrot vil bli rekna som fusk ved UiB, men at det er regelbrot med nærmare karakteristikkar som er omfatta – nemleg at handlingar som ikkje er brot med akademiske forventingar fell utanfor, saman med handlingar som openbart ikkje er eigna til å gi nokon fordel. Det vil vere nødvendig å gjennom informasjonsverksemd frå administrativt og fagleg hald å rettleie studentane i innhaldet i «akademiske forventingar», men det er ikkje tvilsamt at vilkåret hever terskelen for fusk.

At handlingar som openbart ikkje er eigna til å gi nokon fordel er slått fast av Høgsterett, og er ein såkalla rettsstridsreservasjon.

I tredje avsnitt av forslaget blir det lista opp handlingar som kan utgjere eit regelbrot. Denne lista er ikkje uttømande, og dei nærare reglane for eksamen kan også finnast i andre regelverk som er vedtekne av til dømes fakultetet (emneskildring, eksamensreglement), eller emneansvarleg (i sjølve eksamensoppgåva). Samanlikna med saka som blei lagt fram for utdanningsutvalet 23. oktober, så er orda «inkludert til eige arbeid» i tredje avsnitt bokstav a tatt bort.

§ 8-4 første avsnitt

(1) Når det blir haldt kontinuasjonseksamen for studentar med gyldig fråvær, jf. § 5-6 (2), kan alle studentar med avbrot eller ikkje bestått resultat frå førre vanlege eksamen melde seg opp. Fakultetet kan avgrense retten til å gjelde dei utan bestått resultat i emnet, og også gi andre studentar høve til å melde seg til kontinuasjonseksamen.

Endringa er ei rein presisering av retten til kontinuasjonseksamen.

§ 8-4 første avsnitt

(1) Når det blir haldt kontinuasjonseksamen **som inneber ny eksamensoppgåve** for studentar med gyldig fråvær, jf. § 5-6 (2), kan alle studentar med avbrot eller ikkje bestått resultat frå førre vanlege eksamen melde seg opp. Fakultetet kan avgrense retten til å gjelde dei utan bestått resultat i emnet, og også gi andre studentar høve til å melde seg til kontinuasjonseksamen.

§ 9-3

Ved deleksamen tar ein utgangspunkt i talverdiane A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. For kvar delkarakterar blir talet multiplisert med teljaren i vektingsbrøken. Produkta blir så summerte og delt på nemnaren (i vektingsbrøken). Dette blir så avrunda etter vanlege reglar.

§ 9-3

(1) Ved deleksamen tar ein utgangspunkt i talverdiane A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. For kvar delkarakterar blir talet multiplisert med teljaren i vektingsbrøken. Produkta blir så summerte og delt på nemnaren (i vektingsbrøken). Dette blir så avrunda etter vanlege reglar.

(2) Fakultetet kan i emneskildringa vedta deleksamen med poeng. Deleksamen med poeng inneber at den endelege karakteren i emnet er basert på ein total poengsum mellom 0 og 100, og kvar eksamensdel har ein på førehand definert maksimal poengsum.

Deleksamen med poeng er foreslått for å sikre ei meir treffsikker karaktersetting på emnenivå, og er særleg aktuell der det er mange eksamensdelar. I dag blir slike eksamenar ofte regulert som mappevurdering. Då er det eit problem at heile eksamenen blir rekna som ikkje-etterprøvbare dersom ein inkluderer munnlege (eller andre ikkje-etterprøvbare) arbeid. Deleksamen med poeng vil vareta både presisjonen i karaktergiving som mappevurdering har, og også vareta klageretten til studenten (på karakterfastsettinga), på dei eksamensdelane der det er aktuelt.

Tilbakemeldingane frå fakulteta tydar på breidde i organisasjonen. Enkelte fagmiljø har etterlyst ei slik ordning over lengre tid, medan andre ser på ordninga som meir tungvint og ønsker ikkje å ta henne i bruk.

§ 9-5 Sensurfristar

- (1) Vanleg sensurfrist er femten verkedagar etter eksamenen blei avslutta, i samsvar med universitets- og høgskulelova § 11-7 (4).
- (2) Universitetsdirektøren kan vedta forlenging av sensurfristen dersom særlege grunnar gjer det nødvendig, jf. universitets- og høgskulelova § 11-7 (4). Studenten skal få melding om forseinkingar i sensuren og om vedtak om forlenga sensurfrist.
- (3) Klagesensur skal handsamast utan ugrunna opphald. På emne med mange sensurklagar har fakultetet høve til å vente med å sende eksamenssvara til klagesensorane til klagefristen har gått ut for å sikre lik handsaming av klagane. Klage på formelle feil som kan få følger for fleire eller alle sensurklagane skal reknast som grunna opphald.

§ 9-5 Sensurfristar

- (1) Vanleg sensurfrist er femten verkedagar etter eksamenen blei avslutta, i samsvar med universitets- og høgskulelova § 11-7 (4). Studenten skal få melding om forseinkingar i sensuren og om vedtak om forlenga sensurfrist.
- (2) Sensurfristen for masteroppgåver er to månader frå innleveringa. Sensurfristen for hovudoppgåva i medisinstudiet (MEDOPPG) og for **hovudoppgåva for psykologiprogrammet (PROPSY317) er seks veker.**
- (3) Fakultetet sjølv kan i mellombels forskrift vedta forlenging av sensurfristen grunna sensormangel, jf. universitets- og høgskulelova § 11-7 (4). Universitetsdirektøren kan vedta slik forlenging dersom andre særlege grunnar gjer det nødvendig, jf. same føresegn.**
- (4) Klagesensur skal handsamast utan ugrunna opphald. På emne med mange sensurklagar har fakultetet høve til å vente med å sende eksamenssvara til klagesensorane til klagefristen har gått ut for å sikre lik handsaming av klagane. Klage på formelle feil som kan få følger for fleire eller alle sensurklagane skal reknast som grunna opphald.»

Forslaget handlar dels om å samle reglane om sensurfristar i éi føresegn, etablere ny frist for hovudoppgåva i psykologiprogrammet, og å etablere ei ny ordning for unntak frå sensurfristen. Den nye lova snevra inn kor lenge unntak av faglege grunnar kan vare, men opnar opp for delegering av myndigheita.

Det er sentralt for forslaget at faglege avgjersle (om sensorordning og -mangel) blir treft meir fagnært og i organ med studentrepresentasjon. Avgjersle som må takast fortløpande, om sjukdom eller tekniske problem i eksamenssystema og liknande, bør ligge administrativt hjå universitetsdirektøren. Psykologisk studentforening er høyrd i spørsmålet om sensurfrist for hovudoppgåva, og støttar forslaget.	
§ 9-6.Grunngiving (1) Studenten har rett til å få grunngiving for karakterfastsettinga jf. universitets- og høgskulelova § 11-8. Retten til grunngiving gjeld tilsvarande for klagesensur. (2) Fristen for å be om grunngiving for sensuren er éi veke etter kunngjeringa. Fakultetet kan avgjere om grunngivinga skal vere skriftleg eller munnleg, og vedta ordningar for dette. For eksamensformene nemnde i § 7-5 må studenten be om grunngiving straks hen har fått karakteren.	§ 9-6.Grunngiving (1) Studenten har rett til å få grunngiving for karakterfastsettinga jf. universitets- og høgskulelova § 11-8. Retten til grunngiving gjeld tilsvarande for klagesensur. (2) Fristen for å be om grunngiving for sensuren er éi veke etter kunngjeringa. Studenten skal få grunngiving innan to veker frå tidspunktet hen ba om grunngiving. Fakultetet kan avgjere om grunngivinga skal vere skriftleg eller munnleg, og vedta ordningar for dette. For eksamensformene nemnde i § 7-5 må studenten be om grunngiving straks hen har fått karakteren.
Legg til den andre setninga i andre avsnitt om fristen for å be om grunngiving, som er lovfest.	
§ 10-1 første avsnitt (1) Universitetet tildeler dei gradene som går fram av Forskrift om grader og beskyttede titler. Forskrift om grader og beskyttede titler er oppheva av departementet, og den korrekte tilvisinga er til universitets- og høgskuleforskrifta.	§ 10-1 første avsnitt (1) Universitetet tildeler dei gradene som går fram av universitets- og høgskuleforskrifta § 2-13, jf. vedlegg 1.
§ 10-2 første avsnitt (1) Dersom delar av grunnlaget for ei grad allereie inngår i tildelt grad, krevst det: - for bachelorgrader minst 90 nye studiepoeng med ny spesialisering, - for integrerte mastergrader minst 90 nye studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt og - for andre mastergrader minst nye 60 studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt.	§ 10-2 første avsnitt (1) Dersom delar av grunnlaget for ei grad allereie inngår i tildelt grad, krevst det: - for bachelorgrader minst 90 nye studiepoeng med ny spesialisering, - for integrerte mastergrader minst 120 nye studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt og - for andre mastergrader minst nye 60 studiepoeng, inkludert eit nytt masterprosjekt.

Forslaget går ut på å auke kravet til «ubrukte» studiepoeng for å få ei integrert mastergrad, frå 90 til 120. Tidlegare i prosessen har forslaget vore 150 studiepoeng, slik at det ikkje er mogleg å få godkjenning for ei heil bachelorgrad i ei femåring integrert mastergrad. Nokre av fakulteta var usikre på om eit slikt krav var rimeleg, og om moglege ukjende konsekvensar.

§ 10-4 Samansetjing av mastergrad

- (1) Universitetet i Bergen gir mastergrader med den normerte studietida som går fram i forskrift om grader og beskyttede titler § 3 nr. 5 til 7. Samansetjinga skal vere i samsvar med Forskrift om krav til mastergrad § 3 til § 7.
- (2) Graden master kan berre tildelast studentar som har fullført eit masterprosjekt.
- (3) Masterprosjektet skal vere eit sjølvstendig vitenskapleg eller kunstnarisk arbeid på mellom 30 og 60 studiepoeng, utarbeidd under rettleiing. Fakultetet kan i emneskildringa vedta at to eller fleire studentar kan samarbeide om masterprosjektet.
- (4) Integrerte masterprogram skal ha krav om examen philosophicum. Masterprosjektet i eit integrert masterprogram kan vere på 20 studiepoeng, jf. Forskrift om krav til mastergrad § 6 (2).

§ 10-4 Samansetjing av mastergrad

- (1) Universitetet i Bergen gir mastergrader med den normerte studietida og innhald som går fram i **universitets- og høgskuleforskrifta §§ 2-6 til 2-11.**
- (2) Graden master kan berre tildelast studentar som har fullført eit masterprosjekt.
- (3) Masterprosjektet skal vere eit sjølvstendig vitenskapleg eller kunstnarisk arbeid på mellom 30 og 60 studiepoeng, utarbeidd under rettleiing. Fakultetet kan i emneskildringa vedta at to eller fleire studentar kan samarbeide om masterprosjektet.
- (4) Integrerte masterprogram skal ha krav om examen philosophicum. Masterprosjektet i eit integrert masterprogram kan vere på 20 studiepoeng, jf. **universitets- og høgskuleforskrifta § 2-8.**
- (5) Masterprosjektet er i utgangspunktet offentleg og ope for innsyn, med dei avgrensingar som følger av teieplikta (forvaltingslova § 13 med vidare), forskningsetiske omsyn og vedtak om klausulering. Fakultetet vedtar i første rekke om eit masterprosjekt er underlagt teieplikt, og etter grunngiven søknad om eit prosjekt skal underleggast tidsavgrensa klausulering på maksimalt fem år. Universitetet i Bergen skal ikkje inngå avtalar om hemmelegghald som avgrensar studentens rett til sensur.

Endringa i første og fjerde avsnitt gjeld oppdatert forskriftsheimel.

Femte avsnitt er nytt og føremålet med endringa er å flytte reglar om klausulering frå eit lite kjent og tilgjengeleg regelverk på UiB sine nettsider, til studieforskrifta der slike reglar høyrer heime. Omfanget av klausulerte masterprosjekt ved UiB er forholdsvis lågt, og føremålet er at det skal halde seg slik.

Universitetsdirektøren sine kommentarar

Det er viktig at UiB-regelverket blir halde ved like, slik at det er tilpassa krav frå sentrale myndigheiter og behova til fakulteta, institutta og fagmiljøa. Forslaget i denne saka er eit viktig ledd i vedlikehaldsarbeidet, og for å sikre fleksibilitet og fagleg fundert valfridom i eksamensformene.

Det er også viktig at UiB vedtar ein definisjon av fusk som er felles for heile organisasjonen, og ikkje minst at det blir utarbeidd gode rettleiingar for innhaldet i desse vilkåra – i administrasjonen og i fagmiljøa.

19.11.2025/Knut Knapskog/Christen Soleim (avd.dir.)